



Fylkesmannen i Rogaland  
Salte, Torunn  
Postboks 59 Sentrum  
4001 STAVANGER

Dykkar ref.:

Vår ref.: 18/896

Vår dato: 17.10.2018

Sakshandsamar: Mari Pleym // rådgjevar

## **Lovtolking sosialtjenestelova - opphold som føreset underhald**

Det visast til brev datert 07.09.18 om opphold som føreset underhald.

Arbeids- og velferdsdirektoratet har tidlegare, i brev datert 12.04.18, gitt ei utsegn knytt til opphold som føreset underhald. De har spørsmål til punkt 4.18.31 i rundskrivet og korleis ein skal vurdere søknad om dekke utgifter til særkullsbarn.

Arbeids- og velferdsdirektoratet uttaler seg ikkje i einskilde saker, men vil på generelt grunnlag gi følgjande svar:

Utgangspunktet er at økonomisk stønad kan gis til å dekke utgifter til dei personane ein har forsørgingsplikt for etter norsk lov. Dette gjeld alle som søker økonomisk stønad. Det kan av den grunn ikkje gis økonomisk stønad til å dekke utgifter til foreldre, tanter, onklar mv. I den tidlegare utsegna vår til punkt 4.18.2.31 i rundskrivet har vi meint å få fram dette utgangspunktet.

I rundskrivet til sosialtenestelova punkt 4.18.2.6 kjem det fram at barnefamiliar ikkje er ei einsarta gruppe, men omfattar hushald der den eine eller begge foreldra, enten om dei er gift eller sambuarar, lever saman med eigne barn. I utgangspunktet vurderer ein barnefamiliar som ei samla økonomisk eining. I familiar med særkullsbarn, kan situasjonen vere slik at delar av familien må vurderast for seg.

Det som er spesielt i slike tilfelle de nemner, er at den andre forelderen som har ei forsørgingsplikt (ofte) ikkje er i Noreg, og at det difor vil vere vanskeleg å få krevd underhald. Dersom utgifter til særkullsbarnet ikkje dekkes, og det ikkje er noen andre som vil forsørgje det, så vil ein ikkje ivareta omsynet til barnet. Vi vil i det følgjande vise til omtale i rundskrivet pkt. 4.18.1.1, 4.18.2.6 samt barnekonvensjonen sine bestemmingar, da særleg det beste for barnet i artikkel 3. Vi vil leggje til at det å bare dekke utgifter til ektefelle og ikkje til barnet vil

kunne føre til at familien splittast, noe som ikkje er i tråd med barnekonvensjonen sin artikkel 10 om familiesameining.

NAV må alltid sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg. For utanlandske statsborgarar må det ligge føre opplysningar om at dei har lov til å opphalde seg i Noreg. NAV må ev be om ny informasjon dersom det er knytt uvisse til om opphaldet er lovleg. Slik vi forstår regelverket, mister ein ikkje automatisk retten til å opphalde seg i landet dersom han eller ho som skal forsørgje ikkje klarer det. Arbeids- og velferdsdirektoratet vil presisere at NAV ikkje kan vurdere om grunnlaget for opphaldsløyve framleis er til stades. Vi kan heller ikkje seie noko om utlendingsmyndighetene vil vurdere saka på nytt. Det er ikkje alltid er krav til underhald ved fornyingar av opphaldsløyve, og NAV må difor undersøke om det faktisk er eit krav til underhald i kvar einskilde sak.

Med helsing

Tormod Moland  
sekjonssjef  
Forebygging- og deltakelseskontoret

Mari Pleym  
rådgjevar  
Forebygging- og deltakelseskontoret

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur*

Kopi: alle fylkesmenn